



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Referat

Studentparlamentsmøte 26.02.2020

Tid Onsdag 26.02.20 kl 16.30-19.00
Stad Kaarstad 202
Ordstyrar Mathilde Gaalaas-Berg

Til stades med stemmerett: 9

AHL Liv Olesen (1. vara)
AKF Lars Grindvik Uri (H, fom. Sak 49), Anders Viktor Kvile (H, tom. Sak 48)
AMF Trygve Taranger (1. vara), Silas Ketels (2. vara)
ASH Ina Istad (H), Andre Kjerpeseth Svarstad (H)
FRI Arnaud Duhamel (H), Kishore Gajendra (H), Daria Jermacane (1. vara)

Meldt forfall: Michelle Connor Søreng (AHL), Rikke Jenny Pettersen (AHL), Live Dale Fasting (AMF), Maja Susann Melbye (AMF).

Til stades utan stemmerett

AU Paloma Lonzale Alonso, Trym Nikolas Rimmen, Mathilde Gaalaas-Berg, David Bernatek, Anna Kristin Indridadottir, Bernt Inge Berge (kontrollkomitéen), organisasjonskonsulent Marit Aklestad (referent)

Andre møtande/gjestar Prosjektleiar Niels Jørgen Andreassen (sak 45), studentombod Kjersti Brevik Møller (sak 46), Kristine Flatnes frå Juvente (sak 49), studenthumanist Lone Ellingvåg Knutsen (sak 47), studentrådgjevar i SiVolda Eli Anne Løksa (sak 47), Helena Heimer Rognstad og Matilde Tafjord Rødhammer frå Fadderveka 2020 (sak 45).

Saksliste 26.02.02		
42/20	Opprop og val av møteleiing	V
43/20	Godkjenning av innkalling og saksliste	V
44/20	Godkjenning av referat frå møte 29.01.20	V
45/20	Orientering	O
46/20	Presentasjon, studentombod Kjersti Brevik Møller	O
47/20	Orientering, Trivselsveka 2020	O
48/20	Endring av møtedato for mars-møtet	V
	Pause	
49/20	Presentasjon, Juvente	O
50/20	Val av studentrepresentantar til Strategi 21 HVO	V
51/20	Suppleringsval, arbeidsgruppe mediebygget	V
52/20	Suppleringsval, varamedlem skikkanemda	V
54/20	Val av utsendingar til LM NSO 2020	V
55/20	Høyring: Campusutviklingsplan for HVO. Gruppearbeid.	D
	Møtekritikk	

Sak 42 – 19/20: Opprop og val av møteleiing

Vedtak:

- Mathilde Gaalaas-Berg vert vald til ordstyrar
- Marit Aklestad vert vald til referent
- Bernt Inge Berge og Marit Aklestad er valde til teljekorps (samrøystes)

Sak 43 – 19/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak

Godkjenning av møteinnkalling

Vedtak: Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga. (samrøystes)

Godkjenning av saksliste og dagsorden

Endringsforslag frå AU: AU tilrår at sak 53/20 «val av studentrepresentantar til arbeidsgruppe Digi-GLU» blir stroka, sidan det viser seg at arbeidsgruppa allereie har 6 valde studentar frå AHL.

Ingen innmelde saker til eventuelt, sak 56/20 «eventuelt» utgår.

Vedtak: Studentparlamentet godkjenner sakslista med ovanstående endringar. (samrøystes)

Sak 44 – 19/20: Godkjenning av referat frå møte 29.01.20

Type sak: Vedtakssak

Vedtak: Studentparlamentet godkjenner referatet frå møte i Studentparlamentet 29.01.20. (samrøystes).

Sak 45 – 19/20: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

HVO: Strategi 21 og nytt mediebygg (Niels Jørgen Andreasen)

SiVolda: Val til styret i SiVolda og stud.representant til Studentprisen 2020 (Eli Anne Løksa)

AU

- Møte i Studentrådet torsdag 27.02. kl 15.30 (Mathilde)
- Internasjonal dag, pris for internasjonalisering (Paloma)
- Sosialt vårsemesteret (David)
- Nytt Fadderstyre (v/leiar Helena Heimer Rognstad)
- Vedtektsendringar og suppleringsval (Trym)
- Høyring, retningslinjer for forskning og personvernopplysningar (Trym)
- Framleis behov for å ta møta på engelsk? (Trym)

Sak 46– 19/20: Presentasjon, studentombod Kjersti Brevik Møller

Type sak: Orienteringssak

Kjersti Brevik Møller er nytt studentombod ved Høgskulen. Ho orienterte om Studentombodet og korleis studentar kan nytte dette tilbodet.

<https://www.hvl.no/studentombodet/>

Sak 47 – 19/20: Trivselsveka 2020

Type sak: Orienteringssak

Velferdsgruppa ved studenthumanist Lone Ellingvåg Knutsen og studentrådgjevar Eli Anne Løksa i SiVolda orienterte trivselsveka 23.-27. mars 2020, og inviterte Studentparlamentet til å delta som frivillige.

Sak 48 – 19/20: Endring av møtedato for mars-møtet

Type sak: Vedtakssak

Vedtak: mars-møtet i Studentparlamentet blir flytta til 1. april 2020. (samrøystes)

Sak 49 – 19/20: Presentasjon, Juvente

Type sak: Orienteringssak

Kristine Flatnes orienterte frå organisasjonen Juvente og deira prosjekt knytt til rusførebygging ved studiestart/Fadderveka. Juvente samarbeider med bedreuten.no og lykkepromille.no.

Juvente viste til nasjonale resultat frå SHoT-undersøkelsen 2018, der andelen studentar som rapporterer om risikofylt eller skadeleg bruk av alkohol har auka, og at 3 av 5 studentar synest det er for mykje alkohol i studentmiljøet. <https://studenthelse.no/artikkel/shot-2018-sentrale-funn>

Sak 50 – 19/20: Val av studentrepresentantar til Strategi 21 HVO

Type sak: Vedtakssak

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel to studentrepresentantar til Strategi 21 HVO.

Arnaud Duhamel og André Kjerpeseth Svarstad stilte til val.

Vedtak: Studentparlamentet vel Arnaud Duhamel og André Kjerpeseth Svarstad som studentrepresentantar til Strategi 21 HVO. (akklamasjon)

Sak 51 – 19/20: Suppleringsval, arbeidsgruppe nytt mediebygg

Type sak: Vedtakssak

Forslag til vedtak: Kishore Gajendra vert vald til studentrepresentant i arbeidsgruppa for nytt mediebygg.

Vedtak: Kishore Gajendra går inn som studentrepresentant nr 2 i arbeidsgruppa for nytt mediebygg. (akklamasjon)

Sak 52 – 19/20: Suppleringsval, varamedlem skikkanemda

Type sak: Vedtakssak

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ny 1. og 2. vara til Skikkanemda.

Liv Olesen stilte som kandidat til 1. vara i Skikkanemda.

Silas Ketels stilte som kandidat til 2. vara i Skikkanemda.

Vedtak: Liv Olesen er ny 1. vara og Silas Ketels ny 2. vara i Skikkanemda. (akklamasjon)

Sak 53 – 19/20: Val av studentrepresentantar til Digi-GLU

Type sak: Vedtakssak

Saka vart trekt, då det viste seg å allereie vere valde studentar i prosjektgruppa for Digi-GLU.

Sak 54 – 19/20: Val av utsendingar til LM NSO 2020

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Paloma Lorenzale Alonso

Studentparlamentet kan sende tre delegatar og inntil to observatørar til landsmøtet i NSO i Tønsberg 17.-19. april. Delegatane er også inviterte til førebuande møte 27.-29. mars i Oslo.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel utsendingar til LM-NSO 2020

Desse stilte til val: Arnaud Duhamel, Paloma Lorenzale Alonso og Anna Kristin Indridadottir

Vedtak: Arnaud Duhamel, Paloma Lorenzale Alonso og Anna Kristin Indridadottir er valde som delegatar til LM-NSO 2020. AU står fritt til å supplere med varaer og observatørar. (akklamasjon)

Sak 55 – 19/20: Høyring, campusutviklingsplan for HVO

Type sak: Diskusjonssak / gruppearbeid

Høgskulen i Volda utarbeider ein campusutviklingsplan for HVO. Campusutviklingsplanen skal seie noko om dei overordna linjene og planane for å vidareutvikle høgskuleområdet og byggje opp under samfunnsoppdraget til Høgskulen.

Oppsummering av innspel frå gruppearbeid:

Gruppe 1

- Fleire grøne rom, sitjeplassar ute, møtepunkt utendørs.
- Trampoline, slakk line, volleyballnett, uteaktivitetar,
- Fleire arbeidssoner i kaarstad og strøms.
- Sofaer med høge ryggar, kan setje dei saman og få eit litt avlukka rom, og du kan opne opp og få eit opnare sosialt rom.

Gruppe 2

- Pauserom for animasjonsstudentane (dei «bur» på avdelinga, og vil behalde moglegheita for det i det nye bygget).
- Garderobeplass i tilknytning til klasseromma. Blir vått og tek plass på vinteren. Låsbare garderobeskap.
- Luft i klasseromma, betre ventilasjon.

Gruppe 3

- Interessefelt i biblioteket eller andre stader der studentar kan møtest og dele sitt felt
- Areal for ulike fag ved skulen, ein base å høyre til.
- Benkar langs sentrale møtepunkt ute og inne.
- Fleire fargar i kantina og opphaldsområde, friske opp
- Tre, vegetasjon på høgskuleområdet, for mykje opne rom utandørs som ikkje har nokon funksjon.

Vidare handsaming i Studentparlamentet: AU utarbeider eit høyringsvar med utgangspunkt i innspela frå gruppearbeidet og legg dette fram for votering på neste møte i studentparlamentet, 01.04.20.

Møtekritikk. Møte heva kl 19.00.